

Jord viktigare enn nokon gong

11.03.2014



70 kom til jordvernemøtet

Jord er viktigare enn nokon gong.

Det var hovudbodskapen som Svein Guldal frå Noregs Bondelag kom med til dei 70 som ikkje kom

til jordvernemøtet i Helgheim. Og dette var hovudpunktet hans i eit føredrag som ga eit skremmande bilet av kva menneskjeskapte klimaendringar er iferd med å føra til:

- * Jord må haldast i god hevd
- * Nedbyggjing og omdisponering av dei beskjedne jordareala vi har må stoppast
- * All infrastruktur, nærings- og bustadarealar må utviklast på fjellgrunn

Uskedal Utvikling og Uskedal Bondelag var saman om det vellukka arrangementet og UU-leiar Kristian Bringedal slo fast at møtet var eit ledd i arbeidet med arealstrategien for sentrum.

Han heldt fram at også jordvern er kulturvern og at jorda er sårbar. Uskedalen har freista å få til ei attraktiv bygd utifrå dei 3 bane BUSETNAD, BEDRIFT og BESØK. Og når det gjeld arealplanleggjing må målsetjinga framover vera heilskapelege løysingar og slutt på bit-for-bit-politikken.

Møteleiar Hans Reidar Kjærland peika på at mange unge bønder har etablert seg i bygda i den seinare tid og at jordvernet er særskilt viktig. På landsbasis er berre 3 prosent eigna som dyrka mark!

Guldal hadde ei rekke døme på kva klimaendingane har ført til, til dømes lokale regnskylle på 150 millimeter på 2 timer og dei heftige brannane i Trøndelag på grunn av den turraste januar på 100 år. Foredragshaldaren trakk sæleg fram 2011 som eit ekstremår

Tekst, foto og NETT: Ola Matti Mathisen



Svein Guldal teikna eit skremmande biletet